



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd

Møre bispedømeråd 2016-2019

Møtedato: 27.02.2017

Saksliste

Godkjenning av innkalling og saksliste

0/00 Møteinnkalling Møre bispedømeråd 27.02.2017	3
--	---

Godkjenning av protokoll

5/17 Protokoll Møre bispedømeråd 2016-2019 20.01.2017	5
---	---

Saker til behandling

6/17 Rekneskap 2016	7
7/17 Årsrapport	9
8/17 Høyering - utpeiking av biskop	10
9/17 Budsjett 2017	15
10/17 OVF-tilskott 2017	18
11/17 Tilskott til diakoni- og undervisningsstillinger og til kyrkjemusikk i domkyrkja	20
12/17 ÅRSPLAN 2017	22

Orienteringssaker

13/17 Styringssamtaler 2017	24
14/17 Rapport ungdomsår 2016	25

Referatsaker



MØTEINNKALLING

Møre bispedømeråd 2016-2019

Dato: 27.02.2017 kl. 10:00
Sted: Møre bispedømekontor
Arkivsak: 17/00414
Arkivkode: 421

Mulige forfall meldes snarest til administrasjonen v. Anina Sørli Olsen, as698@kirken.no, tlf. 71250688

Litt om dagen:

- Vi starter i kapellet kl. 09.45, åpning ved Olav Myklebust
- Vi får besøk og vil ha fokus på ungdomsår under orienteringer

SAKSLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjenning av protokoll

Saker til behandling

- | | |
|-----------------------|---|
| 6/17 | Rekneskap 2016 – saksordfører er Frode Rabbevåg |
| 7/17 | Årsrapport 2016 – saksordfører er Olav Rønneberg
<i>Unntatt offentlighet</i> |
| 8/17 | Høyring - utpeiking av biskop – saksordfører er Olav Myklebust |
| 9/17 | Budsjett 2017 – saksordfører er Per Eilert Orten |
| 10/17 | OVF-tilskott 2017 – saksordfører er Anette Fredly |
| 11/17 | Tilskott til diakoni- og undervisningsstillinger og til kyrkjemusikk i domkyrkja – saksordfører er Rikke Kopperstad |
| 12/17 | Årsplan 2017 – saksordfører er Therese Utgård |

Orienteringssaker

- | | |
|-----------------------|---|
| 13/17 | Styringssamtaler 2017 |
| 14/17 | Rapport ungdomsår 2016 - saksordfører er Maren Elgsaas Jensen |



MØTEPROTOKOLL

Møre bispedømeråd 2016-2019

Dato: 20.01.2017 kl. 10:00 – 16:00

Sted: Møre bispedømekontor, Moldetrappa 1

Arkivsak: 17/00414

Tilstede: Ann Kristin Sørvik, Olav Christian Rønneberg, Ingeborg Midttømme, Maren Elgsaas Jenssen, Frode Rabbevåg, Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, Olav Myklebust, Anette Fredly, Per Eilert Orten

Forfall: Therese Kristin Børnes Utgård

Administrasjonen: Bjørn Olaf Storhaug

SAKSLISTE

Side

Saker til behandling

1/17	Protokoll frå møte i Møre bispedømeråd 16.12.2016	2
2/17	Førebuing til Kyrkjemøtet 2017	2
3/17	Førebuing til kyrkjemøte	2
4/17	Eventuelt	2

15.02.2017

1/17 Protokoll frå møte i Møre bispedømeråd 16.12.2016

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll frå møte 16.12.2016

Votering

Einstemmig

Vedtak

Møre bispedømeråd godkjenner protokoll frå møte 16.12.2016

2/17 Førebuing til Kyrkjemøtet 2017

Møtebehandling

Møre bispedømeråd førebudde seg i denne saka til Kyrkjemøtet 2017. Sakar til Kyrkjemøtet blei gjennomgått med utgangspunkt i saksframlegga som ligg på:

https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkemotet/dokumenter_vedtak/kirkemotet-25.01.17---31.01.17-

Forslag til vedtak:

Ingen vedtak blir gjort i denne saka.

3/17 Orienteringssaker

Møtebehandling

Munnlege orienteringar vart gitt.

4/17 Eventuelt

Møtebehandling

Ingen sakar vart handsama



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Åshild Stige	121	17/01024-4	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
6/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	27.02.2017

Rekneskap 2016

Vedlegg:

Rekneskapsrapport Møre bispedømeråd 2016.docx

Rekneskap konto 2016 .pdf

Rekneskap prosjekt 2016 .pdf

Rapport post 75 2016 til Kirkerådet.pdf

Saksorientering

Møre bispedømeråd deler den totale tildelinga frå departementet i budsjett/rekneskap for verksemdsområda administrasjon og presteskap. Kommentarane til rekneskapen vil reflektere dette.

Når vi ser bort frå overføringa frå 2015, er forbruket for 2016 kr 1 167 000 høgare enn tildelinga. Akkumulert mindreforbruk pr. 31.12.2016 er kr 3 015 000. Ved inngangen til 2016 var samla mindreforbruk kr 4 181 000. 28 % av akkumulert overskot frå tidlegare år blei nytta i 2016.

Tidlegare har departementet overført mindreforbruk på inntil 5 % av tildelinga. For 2016 er mindreforbruket knapt 4 %. Dette er søkt overført, og vi reknar med at vi får overført mindreforbruket sjølv om vi no har gått over til eit nytt rettssubjekt. Dette vil bli avklart gjennom endeleg tildelingsbrev for 2017 frå Kyrkjerådet.

Nokre kommentarar til rekneskapen:

Lønsutgifter:

Administrasjonen:

Vakanse i stillingar og lengre sjukmeldingar har gitt eit mindre forbruk enn budsjetttert på løn ved kontoret.

Noko vikar er leigd inn i 2016, men lang opplæringstid begrensar bruken av vikarar.

Presteskapet:

Totale lønsutgiftene for presteskapet følgjer budsjettet.

Driftsutgifter:

Reiseutgifter for presteskapet blei om lag kr 200 000 lågare enn budsjetttert. Elles er driftsutgiftene nært opp til budsjettet både for administrasjonen og presteskapet.

Kap. 0340 post 02 – Driftsutgifter prosjekt:

Prosjektkontoen er i 2016 nytta til eit leiartreningskurs.

Samla er det eit driftsresultat på prosjektposten på minus kr 6 000.

Rekneskap post 75**Trusopplæring**

Midlane har i all hovudsak gått til trusopplæringsmidlar til kyrkjelydane.

Det er eit akkumulert mindreforbruk på kr 656 000 pr. 31.12.2016.

Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk

Midlane er nytta til tilskot til lønsutgifter til diakon- og kateketstillingar i kyrkjelydar der bispedømerådet har gjort vedtak, og til kyrkjemusikalske tiltak ved domkyrkja. Det er eit mindreforbruk på 105 000 på denne posten.

Forslag til vedtak

1. Bispedømerådet godkjenner rekneskapen for Kyrkjeleg administrasjonen og presteskapet for 2016.
2. Bispedømerådet godkjenner rekneskapen for Tilskot til trusopplæring og tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk.

Dette dokumentet er unntatt offentlighet.

Tittel: Årsrapport 2016

Tilgangskode: Unntatt offentlighet

Paragraf: Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1



Sakshandsamar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	404	17/01695-2	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
8/17	Møre bispedømmeråd 2016-2019	27.02.2017

Høyring - utpeiking av biskop

Saka er ikkje lagt fram for ungdomsrådet for uttale

Saksorientering

Kort historikk

Det ligg mykje tradisjon, prestisje og makt i retten til å velje, retten til å utpeike, til å utnemne. Når ordning for val/utpeiking av biskop i Den norske kyrkja no er aktuell, er det viktig å finne fram demokratiske og representative ordningar som tener einskaper i kyrkja og som kan utvikle bispeembetet.

Ved inngangen til ei reformatorisk kyrkje var det kongen som hadde makta til å utnemne og tilsetje biskopar og andre viktige embetsmenn i landet. Representativitet og demokratiske prosessar var ganske ukjente omgrep i kong Christian IV si lov. Lova slo rett og slett fast at det i kvart stift skal vere ein superintendent som kongen «beskikker og stadfester». Kongen kunne nok lytte til gode råd, både frå sitjande biskopar og ta stilling til søknadar, men Kongen var suveren til å peike ut den biskop Kongen ville. Først i 1841 blei det innført rådgivande avstemming før bispeutnemningar. Då fekk prostane høve til å fremje 3 kandidatar til bispeembetet. Avstemminga var likevel ikkje bindande for Kongen, men prostane sitt råd fekk likevel stor betydning og førte til at utnemninga av biskopar fekk ei sterkare kyrkjeleg forankring enn før.

Det var først i samband med lov av 2/12 1920 om sokneråd og soknemøter at lekfolket fekk gi sitt råd i den rådgivande avstemminga. Då fekk soknerådet lov til å gi eigen uttale.

Sjølv om rådsstrukturen utvikla seg og forskrifter gav tydelege reglar for utnemning av biskop, så har retten til å utnemne biskop, heilt fram til gunnlovsendinga 21.05.12., vore forankra hos Kongen. Frå då av er retten til å utnemne biskop forankra i Kyrkerådet, etter reglar som Kyrkjemøtet har vedteke.

Ordningane i andre kyrkjer

I andre lutherske kyrkjer skjer bispeval etter 2 hovudlinjer. I dei skandinaviske kyrkjene er det slik at biskopen blir vald av eit valkollegium, som er sett saman av

prestar og representantar for kyrkjelydane i bispedømmet. Ein kan altså hevde at lokalkyrkja og røystene frå bispedømmet der biskopen skal ha si teneste, har stor makt ved valet.

I mange andre lutherske kyrkjer skjer valet etter ein modell som blir kalla synodalmodellen, der biskopen blir vald av synodale organ på aktuelt nivå.

Ein kan hevde at den skandinaviske modell og kyrkjetradisjon har sterk tradisjon for å forankre val av biskop i demokratisk valde organ på sokne- og bispedømmenivå (stiftsnivå) og dei leke stemmene er like viktige og har same verd eller større som stemmene til geistlige representantar.

Høyring i samband med «veivalg for fremtidig kirkeordning»

I samband med høyringa «Veivalg for fremtidig kirkeordning» i 2015, utgjorde spørsmålet om utpeiking av biskop ein del av høyringa. I Høyringsnotatet frå den gong skisserte kyrkjerådet 4 ulike alternativ. Dei tre modellane som fekk bra tilslutning i høyringa frå 2015, er i noko revidert form dei modellar som denne høyringa presenterer. Modellen som fekk liten oppslutning i høyringa frå 2015, var at bispestilling skal lysast ledige og tilsetjing skje på same måte som i andre stillingar der Kyrkjerådet har tilsetjingsmynde. Denne modellen er no vurdert som ikkje aktuell.

Og no, i kraft av at kyrkelova sine ordningar for utnemning biskop er oppheva, i og med verksemdoverdraginga 1.jan, 2017, så er det opp til Kyrkjemøtet å treffe nye reglar for utpeiking/val av biskop. Det er desse reglane at høyringsinstansane no blir utfordra til å meine noko om.

Tre modellar for ordning

1) Rein valordning for biskop

I «veivalghøringen» gjekk 28% av sokneråd/fellesråd inn for ei ordning med rein valordning for biskopar. I tillegg støtta 5 bispedømmeråd og 4 biskopar ei slik ordning.

Ved innføring av ei slik valordning vil biskopen bli sikra ei sjølvstendig rolle i kyrkjeordninga, og ordninga vil i større grad enn noverande ordning kommunisere med valordning for dei lutherske kyrkjene utanom Skandinavia. Ei ulempe med ei slik valordning er at det er usikkert om ei slik valordning vil kunne ta fremje heilskapsomsyn, og vil ikkje ta omsyn til den samla samansetninga i bispekollegiet. Bispeembetet vil vidare stå meir sjølvstendig og ordninga reduserer Kyrkjemøtet sitt høve til å utøve heilskap i leiing av kyrkja.

2) Ordning med tilsetjing i særskilt tilsetjingsorgan

I «veivalghøringen» gjekk 7 biskopar, 2 bispedømmeråd og 7% av sokneråd/fellesråd inn for denne modellen

Positivt vil ei slik ordning føre til at ein unngår myndighetskonsentrasjon på eit organ og at det kyrkjelege leiarskapen på nasjonalt nivå blir fordelt på fleire organ. Ved å leggje utpeiking til eit eige tilsettingsorgan, avlastar ein Kyrkjerådet og fordeler mynde. Negativt vil ein slik modell føre til endå eit organ i ein mangfaldig organisasjon, og til at Kyrkjerådet sitt heilskapsansvar blir svekka. Vidare vil oppretting av ein eige valorgan føre til nye spørsmål knytt til samansetjing og representasjon av organet. Negativt vil ein også hevde at organet sitt særmerkte mandat berre får to årlege saker til handsaming (i gjennomsnitt). I tillegg er ikkje denne modellen føretrakt i andre lutherske kyrkjer

3) Vidareføring av gjeldande ordning

I «veivalghøringen» gjekk 1 biskop og 4 bispedømmeråd, mellom anna Møre Bdr., inn for denne valmodellen. I tillegg fekk modellen støtte frå heile 55% av sokneråd/fellesråd som gav uttale.

Modellen gir mange grupper av røysteføre høve til å gi uttale, både på bispedømmenivå og på nasjonalt nivå. Kyrkjerådet får også høve til å ta heilskapsomsyn til samansetninga i bispekollegiet og ordninga understrekar Kyrkjerådet sitt leiaransvar for den nasjonale kyrkja og er forankra i det kyrkjelege demokratiet.

På andre sida vil ein kunne hevde at denne ordninga svekker biskopane sitt sjølvstende og legg embetet under rådet. I eit historisk perspektiv er ei slik endring stor.

Nominasjon

Uavhengig av modell for utpeiking av biskop, vil nominasjonsprosessen vere sentral. Nominasjonsorganet må syte for å sortere kandidatar slik at kjønnsbalanse og teologiske breidde blir sikra

Dersom bispedømmerådet skal vere nominasjonsorgan, bør ein framleis sikre høve til supplerande nominasjon. Slik kan engasjement i kyrkje og samfunn fremje gode kandidatar som ikkje har blitt identifisert av nominasjonsorganet.

Om ein vel modell for bispeval, er det, som ein del av nominasjonsprosessen, viktig å sikre uttale frå bispedømmeråd og frå biskopane for å sikre kvalifisert vurdering av kandidatane. I tillegg kan ein vurdere om representantar på nasjonalt nivå (Kyrkjerådet) bør vere representert i nominasjonsorganet (bispedømmerådet). For å sikre at heilskapsomsyn blir vurdert, kan ei ordning med ei utviding av tilsettingsorganet vurderast både om ordninga er ei rein valordning eller om tilsetjing skjer i særleg tilsettingsorgan.

Supplerande nominasjon

Ei nyordning ved dei siste bispevala er høvet til supplerande nominasjon (sidan 2012). Både valet i Tunsberg og i Sør-Hålogaland presenterte kandidatar fremja ved supplerande nominasjon. Høvet til supplerande nominasjon gir gjennomslag for lokalkyrkjeleg initiativ og for samfunnsengasjement som ikkje nominasjonsorganet fangar opp. Erfaringane frå 2012 då Kyrkjerådet skjerpa kravet til talet på røysteføre som kunne fremje supplerande nominasjon frå 30 (frå minst 3 prosti) til 100 (frå minst 3 prosti) har vist at dei som blir nominert er kandidatar som er reelle kandidatar som oppnår god støtte i den vidare prosessen.

Ein negativ faktor ved å opne for supplerande nominasjon at det går lengre tid frå nominasjon til utpeiking. Fleire av dei nominerte har gitt uttrykk for at prosessen tar lang tid og er krevjande på fleire plan. Tiltak som kan dempe presset og ta ned tida fram til utpeiking kan vere at talet på nominerte ikkje bør overstige 5, og at supplerande nominasjon ikkje kan fremje fleire enn to kandidatar.

Biskopen sin rolle ved nominasjon

Kyrkjemøtet har tidlegare gått inn for at sitjande biskop ikkje bør delta ved stemmegivinga i bispedømmerådet. Eit anna forslag er at sitjande biskop går ut av rådet når sak om ny biskop blir handsama. Alternativt kan ein hevde at biskopen er fast medlem av rådet og held fast på retten til å tale og røyste også ved val av eigen etterføljar. Grunngevinga er at biskopen på eige grunnlag gir uttale til tilsetjingsorganet, saman med dei andre biskopane. Eit anna forslag er at domprosten erstattar biskopen når saka blir handsama i nominasjonsorganet.

Røysterett

Dei røysteføre gruppene er i dag fordelt mellom nasjonalt nivå og bispedømmenivå.

På bispedømmenivå har desse røysterett: Sokneråda i bispedømmet, bispedømmet sine prestar i ordna kyrkjeleg stilling, vigsla kantorar, diakonar og kateketar og ungdomsrådet i bispedømmet.

Røysteføre på nasjonalt nivå er prostar utanfor bispedømmet, teologiske professorar og praktikumslærarar

I arbeidet fram mot ny ordning er det stilt spørsmålsteikn om det er naturleg å redusere talet på røysteføre. Ein lyt vurdere om det er tenleg å vidareføre retten alle prostar har til å røyste, og om professorane i dei teologiske fag framleis skal ha røysterett. Grunngevinga for deira rett til å røyste er ikkje like aktuell som då desse gruppene fekk retten og ein kan vurdere om rektorane ved dei praktisk-teologiske seminarane kan forvalte røysteretten på vegne av utdanningsinstitusjonane

Ei innvending mot å vidareføre ordninga på nasjonalt nivå er at ingen leke her har røysterett. Omsynet til balansen mellom dei vigsla tenestene og dei demokratisk valde organ, kan gjere det aktuelt å involvere demokratisk valde representantar i avstemminga.

Vekting av stemmer

I gjeldande ordning blir røystene vekta. Røystene frå sokneråda tel 1/3. Frå prestar og andre i vigsla tenester, tel røystene også 1/3. Ei slik vekting betyr at røystene frå bispedømmet tel 2/3 av totaltalet på røyster og ein kan hevde at mykje av det kyrkjelege votum er forankra i bispedømmet.

Det er gjennomført analyse av dei siste bispeutnemningane med tanke på å sjå korleis røystetala vil slå ut utan vekting. Ikkje ved nokon av utnemningane vil fråvær av vekting føre til endra resultat. Vekting av stemmer er vanskeleg og ordninga kan oppfattast som at dei ulike stemmer blir gitt ulik verdi. Ein gjennomgang av kven som skal ha røysterett, kan føre til at behovet for vekting av ulike stemmer ikkje er like aktuelt.

Uttalerett ved utpeiking av biskop

I dagens ordning har biskopane rett til å gi grunngeven uttale om kandidatane etter at den kyrkjelege avstemminga er avslutta. Dersom ein går inn for rein valordning, fell uttaleretten bort. Ved dei to andre ordningane vil uttaleretten framleis gjelde. Den grunngevene uttaleretten til biskopane er forankra i biskopane sitt læreansvar. Praksis med omfattande intervjurundar kan stille spørsmål om biskopane sin uttale har same verdi som tidlegare. Ein kan tenkje seg at biskopane sin uttale ikkje lenger treng grunngeving eller at det er nok med uttale frå Bispemøtet.

Spørsmål om åremål

Ved ein del lutherske kyrkjer er biskopen vald på åremål. (t.d. I Tyskland) Spørsmålet er reist på nytt i samband med ny ordning for bispeval. Ein ser for seg åremålsperiode på t.d. 6 år, med høve til å fornya åremålsperiode. Ein kan også sjå for seg ein lenge periode utan fornying. Spørsmålet om åremål er reist for å gi yngre prestar lettare inngang i bispegjerninga, og ordning blir vurdert også fordi bispegjerninga er krevjande og at biskopar saknar høve til å gå over i anna stilling før oppnådd pensjonsalder

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd går inn for å vidareføre gjeldande ordning med tilsetjing i Kyrkerådet.

§2 Møre bispedømeråd støttar ein reduksjon i talet på nominerte kandidatar til fem.

§3 Møre bispedømmeråd råar til at ordninga med supplerande nominasjon blir vidareført og støttar framlegget at det blir kravd minst 100 personar frå minst 3 prosti for å fremje supplerande kandidat.

§4 Møre bispedømmeråd går inn for å vidareføre fast røysteføre på bispedømenivå til å gjelde sokneråd, prestar og vigsla kateket, diakon og kantor. På nasjonalt nivå går bispedømmerådet inn for å vidareføre røysterett til prostar og til rektorane ved dei praktisk-teologiske seminara.

§5 Møre bispedømmeråd går inn for at dei røysteføre gir stemme i prioritert rekkefølge til dei 3 kandidatane som ein vurderer best eigna.

§6 Møre bispedømmeråd går inn for at avstemming i soknerådet blir avgjort etter allment fleirtal

§7 Møre bispedømmeråd råar til at ordninga med vekting av stemmer blir avvikla.

§8 Møre bispedømmeråd vil vidareføre biskopane sin rett til å fremje grunngjeven rett til å gi uttale om kven av dei tre kandidatane med fleste stemmer som bør bli biskop

§9 Møre bispedømmeråd støttar at tilsetjing av biskop i Kyrkjerådet skal skje etter prosedyre for allment fleirtal

§10 Møre bispedømmeråd støttar framlegg til ordning for utpeiking av preses i Bispemøtet



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Åshild Stige	112	17/01756-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
9/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	27.02.2017

Budsjett 2017

Vedlegg:

Førebels tildelingsbrev frå KR 2017

Budsjett 2017 BDR februar

Saksorientering

Møre bispedømeråd gjorde i møte 16.12.2016 vedtak om førebels budsjett for 2016.

Vi har ikkje motteke endeleg tildelingsbrev for 2017. Kyrkjerådet har gitt signal om at det ikkje blir store endringar i høve til førebels tildelingsbrev. Vi legg difor førebels tildeling til grunn for budsjettet for 2017. Ved behov vil bispedømerådet vedta revidert budsjett i løpet av året.

Det er kalkulert med at vi får overført mindreforbruket frå 2016 på kr 3 014 000.

Det er ei samla tildeling frå kyrkjerådet til drift av administrasjonen ved bispedømekontoret og prestetenesta. Budsjettet er delt på desse to områda, men det er totalsummen som blir sett opp mot tildelt beløp.

Auka lønsutgifter som ikkje blir kompensert ved auka tildelingar, gjev store utfordringar for drifta av prestetenesta og bispedømerådet. Kontaktmøtet for prestar og tilsette ved kontoret drøfta budsjettet i møte 10.02.2017. Det blir sett ned ei arbeidsgruppe for å arbeide med innsparingar frå 2018. For 2017 blei det foreslått å ta nødvendige innsparingar ved vakanse i stillingar.

I høve til førebels budsjett, er det gjort mindre endringar i driftsutgiftene. Det er budsjetttert med ei innsparing på kr 1 400 000 ved å setje inn redusert vikar med vakanse.

Budsjett administrasjon (biskopen og bispedømerådet si verksemd):

Departementet gjev ikkje lenger tildeling til eit gitt tal på stillingar. Vi har tatt utgangspunkt i det talet på stillingar departementet nytta siste året dei brukte stillingstal ved tildelinga. Dette er justert med det talet på stillingar departementet sidan har tildelt. Vi kjem då fram til 13.3 stillingar. I tillegg kjem misjonsrådgivearstillinga på 75 %. Dette gjev 14,05 stillingar.

Driftsutgifter er budsjetttert på same nivå som i 2016.

Budsjett prestetenesta:

Lønsbudsjettet er sett opp etter bispedømerådet sitt vedtak for tal på prestestillingar i kvart prosti.

Vedteken ressurs er:

Prosti	Årsverk kyrkjelydsteneste	Prosten sin del prosteteneste	Fengselsprest	Samla presteressurs
Molde domprosti	10,6	1,0	0,8	12,4
Søre Sunnmøre prosti	13,5	0,5		14,0
Nordre Sunnmøre prosti	15,8	0,5	0,4	16,7
Austre Sunnmøre prosti	7,5*	0,5		8*
Indre Romsdal prosti	5,8	0,5		6,3
Ytre Nordmøre prosti	9,8	0,5		10,3
Indre Nordmøre prosti	8,3**	0,5		8,8**
Sum	71,3	4,0	1,2	76,5

* I Austre Sunnmøre er det prestar som utfører prostesekretærarbeidet.

** I Indre Nordmøre gjer prosten 20 % prostesekretærfunksjon som ein ordinær del av si stilling.

Lønsauken dei siste åra gjev ein vanskeleg budsjettsituasjon. Sjølv om vi har eit mindreforbruk med inn i 2017, er det vanskeleg å få til eit budsjett i balanse. Alle drøftingsorgana ønskjer god vikardekning ved vakansar, sjukdom og studiepermisjonar. For å få eit budsjett i balanse, må vi likevel redusere bruken av vikarar.

Vikar ved sjukdom:

Det skal planleggast slik i prostiet at ein kan vikariere for kvarandre ved kortare fråvær. Det kan leigast inn vikar til enkelttenester dersom det ikkje er mogleg å løyse vikarbehovet lokalt.

Frå dag 17 kan det nyttast inntil 75 % vikar.

Vi kalkulerer då med at sjukepengerefusjonen blir like stor som vikarutgiftene ved sjukdom.

Vakanse:

Ved vakanse i stillingar kan det engasjerast vikar etter følgjande:

Ved 1. vakante stilling i prostiet: Inntil 50 % vikar

Ved 2. vakante stilling i Domprostiet, Nordre Sunnmøre, Søre Sunnmøre og Ytre Nordmøre: Inntil 50 % vikar

Ved 2. vakante stilling i Austre Sunnmøre, Indre Nordmøre og Indre Romsdal: Inntil 75 % vikar.

Studiepermisjonar:

Ved studiepermisjonar på meir enn 10 veker blir det sett inn vikar i inntil 75 %. Ved andre studiepermisjonar er det ikkje midlar til vikar.

Foreldrepermisjon:

Ved permisjon med foreldrepengar vert det sett inn vikar i same % som arbeidstakaren har permisjon.

For å stimulere til rekruttering er det fortsatt budsjetttert med kr 200 000 til ferievikarar. Det er ein reduksjon på kr 100 000 frå 2016. Det er også lagt inn tilskot til flytting for dei som ikkje har krav på flyttegodtgjersle.

I førebels budsjett var det ikkje sett inn midlar til konflikthandtering. Det er no budsjetttert med kr 100 000 til dette.

Midlar til etterutdanning er lagt inn med same nivå som i 2016. Arbeidsvegleiing og utdanning av nye arbeidsvegleiarar er også prioritert.

Forslag til vedtak

Møre bispedømmeråd vedtek framlagt budsjett for 2017 for presteteneste og administrasjon.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	141	17/01132-5	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
10/17	Møre bispedømmeråd 2016-2019	27.02.2017

OVF-tilskott 2017

Vedlegg:

Anna.pdf

Barn- og unge.pdf

Diakoni.pdf

Gudstenesteliv.pdf

Kirkemusikk og kultur.pdf

vegledning for ovf-søknader.docx

OVF 2017 MBDR samla søknader.xlsx

Saksorientering

Vidare handsamling av tildeling gjennom statsbudsjettet for 2017, var sak på Kyrkjerådet sitt desembermøte. Fordelinga av OVF-midlar går fram av brev frå Kyrkjerådet, datert 9. des. 2016.

I brevet går det fram at Kyrkjerådet, ved å bruke same fordelingsnøkkel som tidlegare, tildeler Møre bispedømmeråd same sum som for 2016, i alt kr. 502.000,- Kyrkjelydane er orientert om høvet til å søkje tilskot som før og at søknadsfrist er 1. desember. Ein viser til vedlagt vegledning for Ovf-søknader. I tillegg til tilskottet, kanaliserer Ovf middel til bispedømmeråda gjennom Mellomkyrkjeleg Råd.

Tidlegare tildeling har tradisjon for sterk prioritering av søknader. I 2016 gjekk ein stor del av tilskottet til å finansiere bispedømmet si satsing på ungdomsåret. I ein prosjektperiode over 3 år, har bispedømmet forplikta seg til å gi god støtte til etablering av Kirkens Bymisjon i Møre. For dette søknadsåret, saman med informasjon om søknadsfrist, gjorde administrasjonen det kjent at tiltak knytt til reformasjonsjubileet skulle få prioritet. Dei aller fleste av søknadane som er tilrådd, har ei slik forankring. Nytt frå 2017 er at tildelinga ikkje lenger blir tildelt bispedøma som øyremerke tilskot, men som driftsmidlar. Dette betyr at bispedømmerådet har heile råderetten over tilskotet og at rådet kan nytte tilskotet der rådet vurderer det naudsynt.

Tidlegare har bispedømmerådet også fordelt Ovf-tilskottet etter eigen fordelingsnøkkel. Fordelinga har vore slik, at tilskott til misjonsrådgarvarstillinga (50% av stillingsdel) har hatt prioritet. Vidare har Bispedømmerådet sagt at 10% av tilskotet skal gå til administrasjonskostnader, og at minst 75% av det resterande skal gå til eksterne søknader og at maks 25% skal gå til interne søknader. Det er 3 gode grunnar til at administrasjonen ønskjer å vike bort frå ein slik fordelingsnøkkel. 1) Tilskottet er no driftstilskott til bispedømmerådet og ikkje lenger øyremerka tilskott. 2) Det er uråd å skilje mellom interne og eksterne tiltak. Tiltak der bispedømmerådet står som søker rettar seg i like stor grad ut mot kyrkjelydane som mange av tiltaka med søker utanfor rådet. 3) Når tilskottet går til drift, er det unaturleg å setje av ein viss prosent til administrasjonskostnader.

I alt har administrasjonen teke imot 23 søknader. Total søknadssum er kr 1 376 500. Sjølv om ein søknad er komen inn etter frist for å søkje, har administrasjonen vurdert det som greitt å handsame søknaden saman med dei andre. Vedlagt er samleoversikt som viser søknadssum, tidlegare tildeling og tilrådd tilskott (kr. 210 000). I tillegg er oversikt over alle søknadane vedlagt, organisert i tematisk ordna vedlegg. Nokre av søknadane er vanskeleg å plassere tematisk, og kan like gjerne førast under anna tema enn der dei er ført.

Samarbeidsavtalen med SMM blir vidareført, tildeling skjer etter same praksis som i andre bispedømme, og framlegg til vedtak prioriterer tilskott til løn for misjonsrådgivar, og justerer dette tilskottet for første gong på fleire år frå kr 180 000 til 220 000. Tildelinga utgjer framleis om lag 50% av stillingsressursen. Såleis står det att å fordele inntil kr. 72 000. Administrasjonen tilrår at bispedømmerådet satsar sterkare på reformasjonsjubileet, og ber om at summen blir nytta til å styrke reformasjonsfeiringa. Det er t.d. naudsynt å profilere bispedømmet sterkare på fleire arenaer. Det er ønskjeleg å utvikle profilmateriell og leggje til rette for meir informasjon/annonsering. Tanken er at det meste av profilmateriellet som blir utforma, skal utformast slik at det kan vere aktuelt og brukast utover sjølve reformasjonsarrangementa.

Forslag til vedtak

1) Møre Bispedømme opphevar tidlegare fordelingsnøkkel for tildeling av ovf.midlar.

2) Møre Bispedømmeråd fordeler Ovf-midlar til kyrkjeleg verksemd slik:

- Diakoni
- Kyrkjemusikk og kultur
 - Pasjonsmusikk i Borgund 10000
 - KKKK-festival, Ref.jub, bestillingsverk, Wolfgang Plagge 30000
 - Luther Reformed, Magnus Moksnes Myhre 20000
 - NKSF Møre, bestillingsverk, 4 framføringar 15000
 - Luther `17, minikonserter på nyeorgelet i Røvik krk. 10000
 - Ung kirkesang, korlederopplæring, kurs 20000
 - Klangfestival, Vågøy krk, utvikle konsertgudst. 10000
 - Ålesund Soul Children, SeeSideSoulFestival 10000
 - Lutherjazzmesse i domkirka under jazzfestivalen 20000
 - 145000**
- Barn og unge
 - Spjelkavik «Forteljinga om F» 5000
 - Leiartrening, Eide kyrkjelyd 10000
 - Storfjorden FR, undervisningsopplegg 10000
 - Kyrkjehist for 7 og 8 klassetrinn 10000
 - Spj. Barnekor/Ung kyrkjesong Møre, Luthermesse 10000
 - 35000**
- Gudstenesteliv
- Anna
 - Møre Bdr. hovudarr. i Bud 30000
 - Møre Bdr. pilegrimstur til Ungarn 10000
 - 40000**
- 220000**

3) Møre Bispedømmeråd fordeler kroner 220 000 som del av løn til misjonsrådgivar.

4) Møre Bispedømmeråd stiller kr. 72 000 til disposisjon for å styrke reformasjonsfeiringa i Møre bispedømme.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	131	17/01750-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
11/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	27.02.2017

Tilskott til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja

Vedlegg:

Forslag tildeling 2017.xlsx

Saksorientering

Møre bispedømeråd er for 2017 tildelt kr 9 788 000 til tilskott til stillingar innafor diakoni og undervisning og i kyrkjelydane og til kyrkjemusikk i Domkyrkja . Dette er same tildeling som for 2016, jfr brev av 21/12-16 frå Kyrkjerådet. Etter reglane kan bispedømerådet overføre ubrukte midlar frå eit år til eit anna.

Møre bispedømeråd gir på grunnlag av tidlegare vedtak tilskot til 12 undervisnings/kateketstillinger og 15 diakonstillinger i Møre bispedøme. Tilskota blir gitt til nærare angitte kyrkjelege fellesråd, som forvaltar midlane. Fellesråda som får tilskott, gir kvart år rapport om bruken etter nærare retningslinjer. Desse fellesråda er:

Kyrkjeleg fellesråd	Tilskot heil eller del av undervisningsstillingar(ar)	Tilskot del av diakonstilling(ar)
Molde	2	1
Kristiansund	2	2
Ålesund	1	3
Volda	1	
Ørsta	1	1
Ulstein	1	1
Hareid	1	
Neset	1	
Storfjorden		1
Sula		1
Giske		1
Haram		1
Rauma		1
Vestnes		1
Stangvik/Surnadal		1
Sunndal	1	

Tilskotet til kyrkjemusikalsk verdsemd ved domkyrkja skal stimulere den kyrkjemusikalske aktiviteten og skal ikkje nyttast til finansiering av faste stillingar.

I følgje Møre bispedømeråd sine retningslinjer for tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk kan også tilskotet nyttast til kompetanseutvikling for kateketar og diakonar. Dersom det er rom for det innanfor løyvinga, kan det gjevast tilskot til andre tiltak innan diakoni og undervisning.

Bispedømerådet har tidlegare gjort vedtak om lag kor mange prosent av lønskostnadene dei einskilde fellesråda skal få i tilskot. Dette går fram av vedlegget. Det har vore presisert at bispedømerådet ikkje kan garantere å følgje lønsauken i stillingane. Dette blir særleg synleg for 2017, der tildelinga av midlar frå Kyrkjerådet ikkje er lønsjustert. Tildelinga har over år vore lågare enn lønsveksten slik at bispedømerådet ikke kan gje tilskot som svarar til den vegleiande prosenten fullt ut. Det er størst sprik mellom kostnader og forslag til tildelt beløp i stillingane med dei høgaste lønsutgiftene.

For 2017 tilrår vi lik tildeling som for 2016, korrigert for eventuelle vakansar i stillingar i 2016 og 2017. Føresetnaden er at det ikkje oppstår vesentlege endringar i stillinga som det blir gitt tilskott til – då vil tilskotet bli tilsvarande avkorta. Normalt har fellesråda sendt inn budsjett før vedtak i bispedømerådet. Av omsyn til tid til planlegging og innarbeiding av eit nominelt mindretilskott, vil tildelingsbrev for 2017 bli gitt med atterhald av tilsendt budsjett for stillingane.

Om føresetnadene for tildeling av midlar blir vesentleg endra, vil saka bli meldt opp att til bispedømerådet.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd vedtar fordeling av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja som framlagt.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	100	17/01891-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
12/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	27.02.2017

ÅRSPLAN 2017

Vedlegg:

Årsplan 2017 - til bispedømerådet 270217.docx

Saksorientering

Møre bispedømeråd skal i dette møtet behandle årsplan for 2017. Førebels årsplan vart behandla i møte 16/12-16. Det er kun mindre endringar frå dette møtet.

Bispedømerådet har gitt overordna styringssignal knytta til budsjett og årsplan i møtet 30/9. Førebels årsplan er saman med budsjett vore lagt fram i kontaktmøtet med tillitsvalde/Regionalt arbeidsmiljøutval og i prostemøtet.

Årsplan og budsjett 2017 er utarbeida på grunnlag av førebels tildelingsbrev frå Kyrkjerådet datert 21/12-16. Endeleg tildelingsbrev vil ligge føre til bispedømerådet sitt møte, men det er venta få eller ingen endringar. Årsplan for 2017 er difor basert på budsjettframlegget og den kunnskap vi har for rekneskap 2016.

Det er ei målsetting å ha samsvar mellom årsplan og årsrapport. Det er vidare eit ønskje om forenkling og meir oversikt samstundes som vi skal etterkomme Riksrevisjonen sin tidlegare kommentar om å sikre at risikovurdringar er ein intergrert del av planprosessane.

Til grunn for Årsplan 2017 ligger

1. Nasjonale mål gitt av departementet og mål vedtatt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet (med mål og resultatindikatorar)
2. Regionale mål og visjonsdokument for Møre bispedøme
3. Strategiplan for Møre bispedøme
4. Sak om «Budsjett 2017 – førebels behandling»
5. Risikovurderingar for at hovudmål ikkje blir nådd
6. Tiltak for å sikre at hovudmål blir nådd
7. Krav til årsrapportering for 2016

Det er ikkje lenger særskilte nasjonale mål og resultatkrav knytta til prestenesta eller bispedømeadministrasjonen. Desse felte er lagt inn i årsplanen som regionale mål og tiltak.

I tillegg har bispedømerådet i møte den 30/9 lagt inn desse overordna styringssignala:

- * Prestetenesta – ressursar og rammer for personalpolitikken
- * Administrasjon – ressursar rammer for personalpolitikken
- * Stat og kyrkje – kyrkjeordning
- * Vidareføring av engasjement etablert i samband med ungdomsår 2016.
- * Prosjekt “velkomen til dåp” - utvikling vidare
- * Tverrfaglig samarbeid - saman med den lokalkyrkjelege rådsstrukturen
- * Reformasjonsmarkeringa inkl kyrkjemusikk og salmeskatt
- * Studentarbeid
- * Forsøksverksemd for lokal leiing
- * Ny kommunestruktur, ny kyrkjestruktur
- * Implementering av nye administrative systemer
- * Verksemdsoverdraging frå stat til Den norske kyrkja som rettssubjekt
- * Kommunikasjonsplan - intranett/heimeside
- * Bidrag til å skape tryggleik under omstilling

Momenta er vurdert og innarbeida.

Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd vedtar årsplan for 2017



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	112	17/01651-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
13/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	27.02.2017

Styringssamtaler 2017

Vedlegg:

Styringssamtaler våren 2017 - bispedømmene i Den norske kirke
Styringssamtaler vår 2017 dato og sted



DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd

Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Anina Sørli Olsen	421	17/01906-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
14/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	27.02.2017

Rapport ungdomsår 2016

Vedlegg:

Rapport ungdomsår 2016.pdf

[Click here to enter text.](#)